

HANDBOK



(Revidert februar 2020)

FORORD FRÅ REKTOR

God informasjon mellom heim og skule er ein føresetnad for at vi skal få til intensjonane i Opplæringslova og Kunnskapsløftet. Og ikkje minst, samarbeide om eit godt oppvekstmiljø for borna i Sandeid.

Eg synest foreldreengasjementet på Sandeid skule er veldig sterkt, og det har gleda oss stort å sjå kor godt de har møtt opp og delteke i dei tinga me og FAU inviterer til.

Og kanskje mest verdfullt av alt, dette ser borna, og det knyter dei ennå sterkare til skulen. Dei er stolte over det dei gjer, og dei gler seg over å få vise det fram.

Anita Jørstad Grindheim

Rektor

HELING FRÅ LEIAR FAU

Føremålet med heftet er å få mest mogeleg relevant informasjon om skulen samla på ein stad.

Det er viktig for FAU å få tilbakemeldingar på det som står i heftet, kom med synspunkt dersom du meiner det er noko som må endrast eller justerast.

Oppvekstmiljøet til ungane våre er kjempeviktig og det er flott med innspel, spørsmål og engasjement frå dykk foreldre.

Ta kontakt med oss i FAU dersom de har saker de ønskjer å ta opp.

Styret i FAU



Mål for Sandeid skule

- Sandeid skule skal vere ein god arbeidsplass for alle i skulesamfunnet
- utvikle og ivareta kunnskap, livsglede og kreativitet.
- skape eit læringsmiljø prega av tryggleik, omsorg, samarbeid og medansvar.
- at foreldre/ føresette skal vere aktivt med på å nå desse måla.

Samarbeid heim/skule

Sandeid skule vil leggje til rette for medverknad og samarbeid om skulen sitt miljø, utvikling og den einskilde elev.

Kvart år skal det vere minst:

- 1 foreldre/ føresette møte på hausten og eit felles foreldre/føresette møte på våren
- 2 utviklingssamtalar
- 2 klassekontaktmøte med rektor/ kontaktlærer
- 1 temakveld i året saman med FAU
- Adventsfest i samarbeid med FAU
- 4 møte i foreldrearbeidsutvalet (FAU)
- 2 møte i samarbeidsutvalet/ skulemiljøutvalet (SU/SMU)

Info frå Sandeid skule

- vekeplanar
- Info frå rektor jul og sommar
- Info sendast pr sms eller epost frå Visma Flyt
- Utviklingssamtalar januar og tidleg juni

Sandeid skule ventar at foreldre/ føresette:

- sender elevane på skulen til avtalt tid, utkvilt og med skulemat
- ser til at elevane har med utstyr og bøker
- sørgjer for at eleven har eigna klede
- møter opp på skulearrangement

Vi forventar av elevar og foreldre/føresette:

- bidrar til eit positivt skulemiljø
- at avtalt arbeid / lekser vert gjort / levert til rett tid
- at skulen får melding når eleven er borte / sjuk, fråværstelefon

OPPLEGG FOR UNDERVISNING OG LÆRING:

- Elevane får vekeplan og arbeidsplan
- der oppgåver og lærestoff er tilpassa den einskilde elev.
- Skulen nyttar tema-arbeid, gruppearbeid, stasjonsarbeid og prosjekt
- Kvart semester skal ein ha minst eit tema på tvers av fleire klassar
- Alle klassar set av tid til arbeid med sosial kompetanse.
- Sandeid skule skal arbeide aktivt mot vold og mobbing
- Alle som vert utsett for mobbing, skal bli tatt på alvor, og det vert sett i gong tiltak mot den som mobbar
- Elevane skal kvart år ved skulestart gå gjennom skulen sine reglar og dei skal saman med kontaktlærer lage klassereglar

ANSVAR OG OPPGÅVER

Klasse	Ansvar – oppgåve:
5	Hentar posten
6	Fadrar for 1. klasse
	Tømmer papirdunkar
7	Utdeling av mjølk og frukt
	Ansvar for kjøleskapet

FASTE KOMITEAR

Adventsfesten:

1. og 3. klasse-foreldre/ føresette arrangere, skulen har ansvar for underhaldninga

17.mai:

4. og 6. klasse-foreldra

OPPLÆRINGSLOVA OG KUNNSKAPSLØFTET

Sandeid skule vert styrt av **Opplæringslova** og **Kunnskapsløftet**

Opplæringsansvar – skulen skal hjelpe foreldre/føresette.

Foreldre/ føresette har hovudansvaret for borna sine.

§ 1-2:

Grunnskolen skal i samarbeid og forståing med heimen hjelpe til med å gi elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle evnene og føresetnadene deira, åndeleg og kroppsleg, og gi dei gode allmennkunnskap, slik at dei kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn

Dette er formålsparagrafen for undervisninga. Den peikar på det faktum at foreldra har hovudansvaret for sine eigne born, og skulen skal hjelpe dei i arbeidet med oppdragelse og opplæring.

§ 2-1:

Den offentlege grunnskolen er gratis. Kommunen skal halde elevane med lære- og lesebøker, skrive- og teiknemateriell og anna undervisningsmateriell.

Prinsippet om gratis skule innebere bl.a. at elevane ikkje skal betale for ekskursjonar eller for undervisning ved leirskuleopphald.



Det er stor aktivitet i ballbingen på Sandeid skule

HEIM/SKULE SAMARBEID

Vi legg vekt på å ha eit nært og konstruktivt samarbeid med foreldre/ føresette. Foreldre/ føresette skal vere ein aktiv samarbeidspart i skulen vår.

Kvar haust og vår skal alle ha klasseforeldremøte. Klassekontaktane saman med kontaktlærer har ansvar for desse møta. Ein kan ha med faglærarar dersom det er ynskjeleg. Ein skriv referat frå møta, rektor skal ha kopi av referatet. I januar og juni blir det kalla inn til halvårsvurderingar. Spesiellærar har ansvar for møta med foreldre/ føresette PPT og andre instansar når denne undervisninga er emne.

Konataktlærarane samordnar utviklingssamtalane for foreldre/føresette med born i fleire klassar.

Til halvårsvurderingane kan ein nytte ein fastlagde skjema. Foreldra får skjema heim slik at ein har rimeleg god tid til samtale med barnet sitt. Kontaktlærer/faglærer ferdigstiller utviklingssamtaleskjem minimum ei veke før samtale slik at foreldre/føresette har ein sjanse til å lese igjennom å førebu seg før dei kjem. Desse blir lagt ut på Visma.

Skulen skal støtte heimen i oppfostringa av ein ny generasjon og førebu dei unge på oppgåver i samfunnet.

Foreldre/ føresette har hovudansvaret for oppsedinga av sine eigne born, og må derfor ha medansvar i skulen. Samarbeidet mellom heimen og skulen er eit gjensidig ansvar. Skulen pliktar å leggje tilhøva til rette slik at samarbeidet kjem i stand.

Føresetnadene blir då:

- God kommunikasjon
- At heimen og skulen gir kvarandre god informasjon
- Foreldre/føresette må vite korleis opplæringa er lagt opp og kva arbeidsmåtar ein nyttar
- Foreldre/føresette skal vere aktivt med i utvikla av skulen
- Samarbeidet skal baserast på gjensidig respekt og vilje til å setje eleven i sentrum

Samarbeidet om den enkelte eleven er primært eit ansvar for kontaktlærer og heimen.

Saman med elevane og lærarane skal foreldre/føresette vere med å få til eit godt klassemiljø, slik at klassen blir eit aktivt og trygt fellesskap. Personalet i skulen, elevane og foreldre/føresette må samarbeide om å utvikle eit miljø fritt for mobbing og krenkjande åtferd.

PERMISJON FRÅ UNDERVISNINGA

§ 2-11:

Når det er forsvarleg, kan kommunen (hjá oss delegert til rektor) etter søknad gi den enkelte elev permisjon i inntil to veker. (..) Det er eit vilkår for denne retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisninga permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Det går klart fram av forarbeidet til denne § at det å søkje permisjon for ein elev inntil to veker, er knytt opp til ei forpliking til foreldre/føresette om at eleven ikkje skal miste undervisning.

NÅR EIN ELEV SKADAR SEG PÅ SKULEN

Når ein elev skadar seg på skulen, prøver ein å få tak i foreldre/ føresette.
Er skaden alvorleg ringjer ein lege, 53 65 54 40 (Vikedal) eller 116 117 (legevakta).
Ein eleven kjenner kjører til lege. Rektor/vikar tek ansvar for klassen.
Lærar informerer forkontoret eller rektor som skriv skademelding til Trygdeetaten.

SKULEMILJØUTVALET (SU)

Opplæringslova § 11 – 1

Ved kvar grunnskule skal det vere eit skulemiljøutval (tidlegare heitte det samarbeidsutvalet) med to representantar frå undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vera rektor ved skulen.
Elevrepresentantane skal ikkje vera til stades når saker som er omfatta av teieplikta etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.
Skulemiljøutval her rett til å uttala seg i alle saker som gjeld skulen.

FORELDRERÅDET – FAU

Opplæringslova § 11-1:

- Ved kvar grunnskule skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre/føresette som har barn i skulen, er medlemmer.
- Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene der alle foreldre/føresette og medverkar til at elevar og foreldre/føresette tek aktiv del i arbeidet for å skape godt skolemiljø.
- Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom skolen og lokalsamfunnet.
- Foreldrerådet vel eit arbeidsutval, FAU.

FAU blir vald blant medlemmene i foreldrerådet på årsmøtet september/oktober.
Rådet fastset sjølv valordning og medlemstalet i FAU.

Foreldrerådet vel to representantar til skulemiljøutvalet.

Saker ein ønskjer å ta opp i FAU melder ein anten gjennom klassekontaktane eller direkte til leiar eller eit medlem av FAU.

Elles viser vi til det tidlegare skrive om samarbeid heim/skule.

Skulen ønskjer seg eit aktivt foreldreråd, til beste for borna i Sandeid.

Saman kan vi gjere mykje for å skape gode oppvekst miljø i bygda vår.

Skulen bør kunne nyttast langt utover skuletid.



PPT

- Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.
- Før ein gjer vedtak om slik hjelp, skal det liggja føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har.
- Dette er ei av oppgåvene vi har hjelp frå PPT til.

PPT kontoret ligg i Ølen – 2. etasje på Rådhuset i Ølen.

PPT ppt@vindafjord.kommune.no

Telefon	53 65 57 10
Telefaks	53 65 57 11

TANNHELSETENESTA

Vi er så heldige at vi har tannlege i bygningane våre. Elevane får brev heim, og vert nå innkalla etter behov. Det kan difor variere frå ½ - 1 ½ år mellom kva tid dei skal møte. Det er fint at foreldre/ føresette kan møte saman med dei yngste elevane. Før fekk alle fluortablettar, så var det heilt stopp, men nå får ein etter behov.

TANNHELSETENESTA sandeid@tannrogkf.no

Telefon	52 76 11 80
Telefaks	52 76 02 00
Tannlege	Birute Ropeid
Tannhelsesekretær	Monica Stople

SKULEHELSETENESTA

1. klasse: Innkalling til lækjar og helsesøster
2. " Trivselundersøking
3. " Poliovaksine + høgde og vekt
5. " Trivselundersøking
6. " DT-vaksine
7. " Mesling-, røde hunder- og kuma vaksine + høgde

Elles kjem helsesøster på skulen kvar måndag.

SKULEHELSETENESTA Tlf: 53 65 55 80

Helsesjukepleiar	Snefrid Tronsen
E-post	Snefrdi.Tronsen@vindafjord.kommune.no

SFO

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod til born frå 1.-4. klasse og barn med ulike funksjonsnedsetjingar opptil 7.klasse.

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder og interesser hjå borna.

SFO skal gi borna omsorg og tilsyn. Barn med funksjonsnedsetjingar skal givast gode utviklingsvilkår.

Opningstider:

Morgon-SFO kl. 07.00 – 08.15

Ettermiddags-SFO måndag kl 12.05-16.30,

Tysdag og torsdag kl. 13.50 – 16.30,

Onsdag 12.05-16.30

Fredag kl. 12.50 – 16.30.

SFO koordinator: Øyvor Larsen

Ein søker om plass i SFO gjennom søknadssenteret til Vindafjord kommune på heimesida til vindafjordkommune.no. Søknadsfristen er medio mars. Ein kan og melde på born i løpet av skuleåret.

Når det er over 15 born, skal det vere 2 vaksne.

ELEVRÅD

Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skulen og arbeide for å skapa godt lærings- og skulemiljø.

Elevrådskontakt 2019/2020: Torunn Frøyland

ELEVURDERING

Sandeid skule nyttar ikkje karakterar, men ulike vurderingsformer:

- i den daglege opplæringa
- elevsamtalar 2 gonger i året
- i fast og planlagde samtalar mellom læraren, eleven og foreldre/føresette

Vurderinga skal først og fremst fremje læring og utvikling. Ho skal motivere elevane til innsats og til å bruke evnene sine. Ho skal gi tilbakemelding om korleis eleven utviklar seg i forhold til målet for opplæringa, og vere eit grunnlag for dialog og samarbeid med foreldre/føresette.

Det er viktig å hjelpe eleven med å setje seg realistiske mål for arbeidet sitt og sjå at det er mogeleg med framgang.

ORDENSREGLAR FOR SANDEID SKULE

Arbeidet på skulen er avhengig av vilje til samarbeid. Gjensidig respekt er heilt nødvendig for at skulen og skulearbeidet skal bli triveleg og godt.

DU HAR BLANT ANNA RETT PÅ

- at alle er høflege og greie mot deg
- at ingen ertar deg
- at sykkelen, ytterkleda, ranselen, elevarbeid eller andre saker får vera i fred
- at det er nødvendig ro og orden i timane

DU HAR BLANT ANNA PLIKT TIL Å

- visa forståing for alle som er på skulen, slik at ingen vert gåande aleine
- vera med å ta godt vare på skulen sin eigendom
- erstatta ting du øydelegg eller slurvar bort
- vera med på å halde det fint og ryddig i og utanfor skulen
- halda deg på skulen sitt område i friminutta, og passa dei fastsette tidene
- oppføra deg slik at du ikkje er til å fare for deg sjølv eller andre

NOKO ER SJØLVSA GT AT ELEVAR IKKJE GJER, MEN DET KAN VERA NØDVENDIG Å MINNE OM AT DET ER FORBODE:

- å kasta snøball og snøvaska andre
- å ha med farlege reiskap
- snop og brus tar du berre med når skulen har gitt løyve til det

TILTAK SOM KAN NYTTAST DERSOM BROT PÅ DESSE REGLANE

1. Tilsnakk
2. Skriftleg melding heim
3. Inndraging av friminutt
4. Sitja att og gjera skulearbeid
5. Visast bort frå undervisninga

Å rekna opp alt som ein må tenkja på for å få det best mogeleg, vil ta for stor plass. Derfor må **elevane** sjølv alltid tenkja på kva som er mest rett og prøva å gjera **sitt** beste for alle.

Skulen pliktar å gjere desse reglane kjend for elevar og foreldre kvart år.

Reglane er godkjend i Skulemiljøutvalet.

LITT FRÅ SKULEN SINE REGLAR

- Ingen elevar skal vere inne i friminutta
- Det er ikkje lov å kaste snøball på skulen sitt område
- Skulen ønskjer ikkje at elevane syklar på skulen før dei går i 5.klasse
- Vi syklar ikkje i skuletida, og lar andre sine syklar få stå i fred
- Ein kan bruke sparkesykkel, rullebrett og rullenskeiser på skatebanen. Alle må ha hjelm.
- På skulen brukar vi ikkje mobiltelefon eller smartklokker (kan nyttast som klokke, må vera i skulemodus)
- Tar du med deg utstyr som du ikkje treng på skulen, har skulen ikkje noko ansvar for det
- Det er ikkje lov å gå utanom skulen sitt område i skuletida

BROT PÅ REGLANE

På Sandeid skule satsar vi først og fremst på å utvikle gode klassemiljø slik at åtferdsproblematikken kan reduserast.

- Lærar skal syte for at elevar som gjer regelbrot blir møtt med konsekvensar.
- Lærar skal vere forutsigbar.
- Reaksjonsmåtane må ha relasjon til situasjonen.
- Unngå opne konfrontasjonar i klasserom.
- Fokuser på den konkrete hendinga.
- La eleven / elevane først fortelje sin versjon av hendinga. Ver aktiv lyttar.

På foreldremøte bør ein bli einige med foreldre/ føresette om kor mange brot og kor alvorlege dei skal vere før ein sender melding heim. Å få melding heim skal vere ein sterk reaksjon, og bør derfor ikkje "dagleg gjerast"

VED TRUANDE ÅTFERD / FORHOLD TIL MEDELEVAR:

- Avklaring av situasjonen
Samtale med begge parter (vakt / timelærar / kontaktlærar)
- Ved alvorleg episodar møter alle involverte på rektor sitt kontor, kontaktlærar blir varsla.
- Viss det ikkje er vilje til å slutta fred, må foreldre/ føresette til vedkomande varslast.
Kontaktlærar ringjer heim, og avtalar møte dersom det er aktuelt.
- Reaksjonar over for eleven:
 - Misser friminutt
 - Får skriftlege oppgåver og må sitje i anna klasserom å gjere desse
 - Sitje att slik at dei som er redde får tid til å kome seg heim. Telefon til foreldre/føresette om at eleven må hentast

VED TRUANDE ÅTFERD / FORHOLD TIL VAKSNE

Munnlege truslar:

Same dag møte med rektor, den vaksne og eleven. Rektor ringjer og orienterer foreldre/føresette. Rektor avtalar og møte med foreldre/ føresette dersom det er aktuelt.

Reaksjon:

- Misser friminutta resten av dagen og den neste skuledagen
- Kontaktlærer følgjer opp med samtale med eleven
- Rektor kan utvise for einskildtimar eller for resten av dagen

HERVERK PÅ EIGEDOM

Meld frå til rektor. Rektor følgjer opp saka. Foreldre/føresette blir varsla.

MJØLK OG FRUKT

Skulen tilbyr alle elevane å abonnere på enten lettmjølkk eller kakaomjølkk. I tillegg kan ein og få frukt og grønt. Dette bestiller ein på skolemelk.no og skolefrukt.no.

FOTOGRAFERING

Sandeid skule tek initiativet til at elevane i 1.klasse blir fotograferte. Dei får tilbod om både klasse- og individuelle bilete. Ein nyttar Jan Nordtveit som fotograf.

TEIEPLIKT – EIT VIKTIG PRINSIPP I PERSONVERNET

Ein god skule må byggja på tillit mellom alle partar. Då er det viktig med eit personvern som skal verne om integriteten til den einskilde.

KVEN HAR TEIEPLIKT?

Teieplikta gjeld både dei tilsette i skulen og dei som gjer teneste for skulen. Til den siste gruppa høyrer mellom anna foreldre/ føresette som sit i råd og utval, klassekontaktar og personar som er hjelparar på leirskule, skuleturar og skulefestar. Difor må skulen informera alle foreldre/ føresette om når teieplikta gjeld.

Elevar kan ikkje påleggjast teieplikt eller inngå avtale om å ha teieplikt, men bør likevel få opplæring i å praktisere ei "moralsk teieplikt".